



Notat

Dato: 26.06.2015
Arkivsak: 2015/2566-27
Saksbehandlar: torsan12

| | |
|-------------|-----------------------------|
| Til: | Opplærings- og helseutvalet |
| Frå: | Fylkesrådmannen |

Deltaking i pilotering av funksjon som lærarspesialist

Fylkesrådmannen viser til Open time i fylkesutvalet 18. februar 2015, der fylkesutvalet signaliserte ønskje om at fylkeskommunen skal søkje om prosjektmidlar for å tilsetje lærarar i funksjon som lærarspesialist.

På bakgrunn av søknad blei Hordaland fylkeskommune valt ut til å delta med tre skular i den toårige nasjonale piloteringa av lærarspesialistfunksjon. Kvar skule skal ha ein funksjon i realfag og ein i norsk med særleg vekt på grunnleggjande lese- og skriveopplæring. Totalt utgjer dette seks lærarspesialistar i Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune skal delta i piloteringa etter modell 2, som kombinerer løn og redusert undervisningstid. Halvparten av lønstillegget per lærarspesialist (kr. 24.000) nyttast til reduksjon av undervisningstid. Resterande (kr. 24.000) blir gitt som lønstillegg.

Undervisning vil utgjere størsteparten av funksjonen som lærarspesialist, samtidig som ressursen skal gi moglegheit for fagleg vidareutvikling innanfor eige spesialiseringsområde. Lærarspesialistane skal bidra til å styrke den faglege kvaliteten på realfags-/norskundervisninga på skulen, og bidra i arbeidet med å styrke kollektivt samarbeid og utvikling. Lærarspesialistane skal ikkje overta oppgåve frå leiinga.

Utdanningsdirektoratet vil finansiere halvparten av kostnadane med lærarspesialistane, medan fylkeskommunen skal dekkje den andre halvparten.

Lokal prosess

Organisasjonane på fylkesnivå blei tidleg involvert i prosessen med å delta i piloteringa. Lærarspesialistordninga har vore tema i informasjons- og drøftingsmøte, og hovudtillitsvalt har vore med på oppstartssamling i regi av Utdanningsdirektoratet og har vore med på utveljing av deltakarskular.

Det vart sendt ut invitasjon til alle skulane om å søke om deltaking i piloteringa, og opplæringsavdelinga fekk søknader frå 11 skular. Laksevåg vgs, U. Pihl vgs og Fusa vgs fekk tilbod om å delta i piloteringa. Det var ein føresetnad at deltakinga var drøfta og avklart med lærarorganisasjonane lokalt.

Då dei utvalde skulane fekk tilslag på søknaden, blei ordninga lyst ut lokalt på dei utvalde skulane. Lærarspesialistane blei tilsett på to av skulane før sommaren. Den tredje skulen fekk ikkje kvalifiserte søkjarar, og Fana gymnas fekk tilbod om ressursane. Lærarspesialistane må tilsettast seinast i august.

Vegen vidare

Utdanningsdirektoratet vil følgje opp aktørane i piloten undervegs. Ordninga skal også evaluerast. Evalueringa skal bidra til å gi eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere vidareføring/utviding og moglege framtidige ordningar for karriereveger for lærarar. I denne prosessen vil det bli noko behov for dokumentasjon frå den enkelte skuleeigar. Utdanningsdirektoratet kjem tilbake til dette etter kvart.